



HØGSKULEN I VOLDA

Volda University College

Nyhendebrev nr. 5, 2. februar 2023

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Høgskulekoret vil ha fleire røyster

Høgskulekoret har øvingar på tysdagar kl 14.30-16.15 i konsertsalen på Kaarstad i februar og mars - med unntak av vinterferieveke veke 8, tysdag 21. februar. Koret øvar fram mot konsert onsdag 29. mars, og på konserten er temaet «nord». På repertoaret står spanande og vakker musikk frå dei nordiske landa, frå bruremarsj, salmar og joik til musikk frå film- og spelverda. Koret er ope for alle tilsette og studentar ved HVO. [Interesserte tek kontakt med høgskulelektor Hildegunn Hovde.](#)

LES MEIR



Student-loppemarknad i BK Kantina 14. februar

Naturvernstudentane og Studentparlamentet inviterer til Student-loppemarknad i kantineområdet tysdag 14. februar, altså midt i Veka i Volda. Loppemarknaden går i tida kl 10.30-14.00. Studentar blir inviterte til å møte opp med ting dei vil selje og for dei som ikkje kan passe på tinga heile tida vil Studentparlamentet hjelpe til. Byttehandel og gratis-krok blir det også. [Les meir om loppemarknaden.](#)

LES MEIR

Studium og studentliv



Studentbarnehagen - også for barn av HVO-tilsette

Det er søknadsfrist i studentbarnehagen 1. mars. Barn av studentar og tilsette ved Høgskulen har prioritet ved opptaket. [Les meir på nettsidene til Sivolda.](#)

[Kortkurs i lesestrategiar for studentar - med kaffi og snop - 2. februar kl 16.15](#)

Kven bør få pris for internasjonalisering? Nominasjonsfrist er 5. februar

Pris for internasjonalisering går kvart år til ein studentorganisasjon, studentfestival eller studentlag som har gjort ein særleg innsats for å inkludere internasjonale studentar, skape kontakt og byggje relasjonar mellom norske og internasjonale studentar ved Høgskulen. Prisen er på 10 000 kr, og både studentar og tilsette kan nominere. Årets nominasjonsperiode varer fram til 5. februar. Fleire av studentorganisasjonane slit med å halde oppe engasjementet og studentfrivilligheita etter koronaen. Vonleg kan prisen vere ein av fleire måtar å løfte fram det gode arbeidet som studentane legg ned i frivillig arbeid, og motivere til vidare innsats og rekruttering. Vi set difor stor pris på alle nominasjonar. Prisen blir delt ut på Internasjonal dag 8. februar. [Les meir om prisen, sjå oversikt over tidlegare vinnarar og gå til nominasjonsskjema her.](#)

22 gjestar frå partneruniversitet i 9 land: Internasjonal dag 8. februar

På [internasjonal dag 8. februar ved Høgskulen i Volda](#) kjem det 22 internasjonale gjestar frå partneruniversitet i Tyskland, Belgia, Hellas, Storbritannia, Nederland, Frankrike, Polen, USA og India. Høgskulen i Volda har over 100 samarbeidsavtalar med internasjonale høgskular og universitet. [Her er oversyn over alle våre partneruniversitet.](#)

[Tekst og tanke - masterlesesalen på biblioteket - 22. februar](#)

Allmøte for alle tillitsvalde studentar - 9. mars

Studentombod Gøril Hillersøy vil vere blant innleiaren på allmøtet, med hovudtema studentrettar og eksamen. Det blir også servert varm mat. Studentparlamentet ønsker velkomen til alle tillitsvalde. [Les meir på nettsida vår.](#)

Menyen i kantina neste veke

Måndag: Chana masala med ris(vegetar)
Tysdag: Fiskegrateng med råkostsalat
Onsdag: Steikt kyllingfilet med paprikasaus og potetmos
Torsdag: Potetball med tilbehør
Fredag: Tacobuffé

Fag og forskning

Ingeborg Berg Skogen disputerer 3. februar 2023: Følg med på video

[Høgskulelektor Ingeborg Berg Skogen](#), AKF, disputerer ved Høgskulen i Volda fredag 3. februar 2023. [Alle interesserte kan følgje med på disputasen via video.](#) Skogen har disputert på ei avhandling med tittelen: «Stor og aktiv? Ungdommer og helsesykepleiere om fysisk aktivitet som oppfølging for ungdom med overvekt». Ho har vore doktorgradsstudent på ph.d.-utdanninga Profesjonsutøving – vilkår og utvikling som Høgskulen i Volda og Høgskolen i Molde driv i lag. Hovudrettleiar har vore [førsteamanuensis Kjetil Høydal](#), AKF. Ingeborg Berg Skogen er fast tilsett som høgskulelektor på [institutt for idrett og friluftsliv ved Høgskulen i Volda.](#)

100.000 i forskingsmidlar til forskingsgruppa for biovitskap

[Forskningsgruppe for Biovitenskap](#) har fått tildelt kr 100 000 i forskningsmidlar frå [Gidske og Peter Jacob Sørensens forskningsfond](#). Midlane skal gå til å undersøke korleis mentale kart påverkar dei nevrobiologiske prosessane som føregår når ein tek avgjersler. Forskningsgruppe for Biovitenskap er ei tverrfagleg forskningsgruppe med medlemmar frå Institutt for Realfag og Institutt for idrett og friluftsliv og har også medlemmer frå NTNU. Leiar for forskningsgruppa er [førsteamanuensis Øyvind Høydal](#) (AHL/Realfag)

Vil dele erfaringar om akademisk skrivning - ta kontakt!

Elin Gundersen, Roar Stokken og Jostein Garcia de Presno inviterer kollegaer til erfaringsdeling i akademisk skrivning, og har sendt ein open invitasjon til alle tilsette på HVO om å delta på det som kan bli eit halvdagsseminar i løpet av våren. Dei tre initiativtakarane arbeider på ulike måtar med opplæring i akademisk skrivning: [Elin Gundersen](#) er rådgivar på biblioteket og hjelper studentar med oppgåveskriving og APA-stilar, [Roar Stokken](#) har ansvar for akademisk skriveopplæring på ASH og [Jostein Garcia de Presno](#) har laga videokurs om akademisk skrivning til bruk på IRL. Aktuelle tema på eit seminar er å få oversyn over kva slags opplæring som blir gitt rundt om på høgskulen, å dele erfaringar og ressursar og å diskutere samarbeid. Ta kontakt med ein av dei tre nemnde om du er interessert i seminaret - og i alle fall om du ønsker å bidra.

Akkrediteringssøknad: NOKUT har peika ut komité til AKF-master

Avdeling for kulturfag har søkt NOKUT om akkreditering av Master i natur, kultur og berekraft (AKF). NOKUT har no kome med framlegg til sakkunnig komité, og har foreslått følgjande personar: Førstelektor Odd Lennart Vikene (HVL), førsteamanuensis Electa Woodbridge Behrens, Høgskolen i Østfold, førsteamanuensis Ida Nilstad Pettersen (NTNU) og student Sara Nørby-Karsen (UiB). Avdeling for kulturfag har ikkje merknader til samansettinga av komitéen. Vikene, Woodbridge Behrens og Nørby-Karsen sat også i kommisjonen som vurderte den første akkrediteringssøknaden om master på AKF.

Biblioteket: Les - og publiser - også i Elseviers database Science Direct

Alle tilsette og studentar har no fått tilgang til rundt 2.400 tidsskriftartiklar frå Elseviers database Science Direct. Databasen dekkjer fagområde som helsefag, humanistiske fag, realfag og samfunnsfag. Tidsskriftartiklar får ein tilgang til ved å søkje i Oria eller [gå direkte til Science Direct](#). I tillegg kan tilsette publisere ope tilgjengeleg i dei fleste av desse tidsskrifta. Dette er same type «publiser-og-les-avtale» som HVO har for andre forlag. Du finn meir informasjon om desse avtalane [på biblioteket sine nettsider](#).

Biblioteket (2): Du kan lese - men ikkje publisere på Sage, Taylor & Francis og Wiley

[SIKT](#) forhandlar om nye avtalar for alle norske høgskular og universitet med dei tre utgjevarane Sage, Taylor & Francis og Wiley. Nye avtalar er ikkje på plass, og inntil vidare kan ein berre lese - me ikkje publisere ope tilgjengeleg innanfor HVO-avtalen i tidsskrift frå desse tre utgjevarane. Biblioteket vil kome ny informasjon så snart dei veit meir.

Ny litteratur i biblioteket: Januar-lista. Fleire bidrag frå HVO-tilsette

Biblioteket på HVO lagar kvar månad ei liste over nyinnkjøpt litteratur frå månaden før. Dette gjeld både fagbøker og skjønnlitteratur. [Her er lista for januar](#) - og nedst på sida er det lenke til lister for tidlegare månader. Blant dei nye bøkene i januar er også bøker frå noverande og tidlegare HVO-tilsette: [Professor Paul Bjerkes](#) bok: "[De vanskeligste årene. Oslo grafiske fagforening 1997-2022](#)". [Professor Il Rune Johan Krumsvik](#): "[Klasseledelse i den digitale skolen](#)". Dosent Gunnar Strøm: "[Fra "Fanden i nøtten" til "Fargesymfoni i blått". Animasjonsfilm i Norge 1913-1939](#)"

Faglege arrangement - og fristar

Nettseminar om ChatGPT og kunstig intelligens - 2. februar kl 14.00

Fagfolk på Høgskulen i Volda held torsdag 2. februar kl 14-15 seminar om ChatGPT og kunstig intelligens. På nettseminaret kjem ein introduksjon til kva ChatGPT er for noko, korleis det fungerer, og korleis det kan brukast i ulike situasjonar. Aktuelle utfordringar når det gjeld jurss og personvern vil også bli drøfta og det vil bli demonstrert korleis ChatGPT kan nyttast i praksis. Arrangementet er i regi av Læringsverkstaden på høgskulen og blir arrangert på Teams. Ta kontakt med [rådgivar Sindre Sandbakk](#) på Læringsverkstaden for informasjon og påmelding.

Fagdag: Oppfølgingsarbeid i NAV - sosialt arbeid i Nav-kontor - 7. februar

Institutt for sosialfag inviterer til fagdag med oppfølgingsarbeid i Nav som tema. Tilsette i Nav-kontor og andre velferdstenester er inviterte til å delta på fagdagen 7. februar. Det er gratis å delta på fagdagen. Innleiar er Hanne Glemmestad som er sosionom med mastergrad i velferdspolitikkk. Ho er tilsett som høgskulelektor og studieleiar for sosionomstudiet ved Høgskolen i Innlandet, men har for tida permisjon då ho no er leiar for profesjonsrådet for sosionomane i FO. [Les meir om arrangementet på nettsidene våre.](#)

Forskarskolen PROFRES: Søknadsfrist for opptak er 15. februar

Forskarskulen PROFRES har opptak to gonger i året, og neste opptak har søknadsfrist 15. februar. [Her er meir informasjon om og søknadsskjema til opptak på PROFRES](#). Høgskulen i Volda er ein av institusjonane bak forskarskulen PROFRES som rettar seg mot doktorgradsstudentar innanfor fagområda helse, velferd og utdanning. Inntil 60 ph.d.-kandidater kan vere med i PROFRES-nettverket. Prosjektkontoret ligg ved Universitetet i Stavanger, og i tillegg til UiS og HVO er det seks andre norske institusjonar i nettverket: Universitetet i Agder, Universitetet i Sørøst-Norge, Nord Universitet, Høgskulen på Vestlandet, og Høgskulen i Molde. Høgskolen i Østfold er assosiert partner og internasjonale partnerar er Roskilde Universitet og Tallin Universitet. Forskarskulen er finansiert av Noregs forskingsråd fram til 2030. [Les også om PROFRES på nettsidene våre](#).

Mini-seminar om opplæring i norsk for internasjonale tilsette 22. februar

Høgskulen i Volda arrangerer 22. februar seminar om opplæring i norsk for internasjonale tilsette. Seminaret er altså ikkje eit norsk kurs i seg sjølv, men handlar om kunnskapar om og erfaringar med norskopplæring av fagleg tilsette, og korleis andre institusjonar løyser dette. Seminaret har to innleiarar som begge arbeider ved Universitetet i Bergen: Professor [Ann-Kristin Helland Gujord](#) som har forska på desse spørsmåla, og [universitetslektor Else Berit Molde](#) som har arbeidd praktisk med norskopplæring av internasjonale tilsette. [Her er meir informasjon om seminaret - og lenke til påmelding. Seminaret er gratis](#). Påmeldingsfristen er 15. februar 2023. Les også omtale av norskopplæring ved Universitetet i ein [artikkel i Khrono](#) og om [språkdebatt på UiO 31. januar](#).

SEANSE inviterer til kunstnaropphald - søknadsfrist 1. mars

Seanse - senter for kunstproduksjon ved Høgskulen i Volda er einaste i landet som tilbyr kunstnaropphald for prosjekt innan alle kunstsjangrar. Både enkeltkunstnarar og grupper er velkomne til å søke. I år vert samlingane i veke 24, 25, 42 og 43. [Les meir på nettsidene våre](#).

Nytt kurs i høgskulepedagogikk: Formidling i høgare utdanning: Søknadsfrist 15. mars

Formålet med emnet er å gje deltakarane praktisk og teoretisk innsikt i arbeidet med kommunikasjons- og formidlingsteknikkar i ein didaktisk kontekst, både i det fysiske og det digitale klasserommet. Tilhøvet mellom teori og praksis, etiske problemstillingar og profesjonstilhøyrighet står sentralt. Deltakarene vil arbeide med mellom anna:

- Analyse av eiga undervisning knytt til kommunikasjonsmodellar,
- Praktiske og teoretiske øvingar knytt til ulike formidlingsteknikkar
- Mikrofon og kamerateknikk
- Dramaturgi som didaktisk verkemiddel

Studiet skal stimulere til kontinuerleg utvikling av faglærar sin pedagogiske kompetanse. Emnet kan også inngå i pedagogisk merittering. Emneansvarleg er [førstelektor Vibeke Preus](#), AKF. Den første samlinga blir arrangert 20.-21. april. [Les meir om emnet på nettsidene våre](#). Søknadsfristen er 15. mars 2023 - [søk om opptak på denne lenka](#).

Publisering og formidling

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Legg også ved lenke til publiseringa di.

Fire HVO-tilsette har forska på utbyttet av praksisrettleiing

[Førsteamanuensis Stine Ekornes](#) (AHL), [høgskulelektor Elisabeth Innselset](#) (AKF), [høgskulelektor Kari Hasle](#) (ASH) og studieleiar [Bjørnar Sæterås](#) (AHL/PPU) har publisert ein artikkel med tittelen: "[Teacher candidates' reflections on the learning outcomes of video-based supervision](#)" i tidsskriftet Social Sciences & Humanities Open. Artikkelen bygger på arbeid gjort i eit forskingsprosjekt knytt til PPU-miljøet ved HVO. Prosjektet er finansiert av [DIKU \(Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning\)](#). Diku-programmet heiter «Digitalisering for læring i høgere utdanning for 2020-2021.», og prosjektet i Volda heiter: «Digital praksisrettleiing i praktisk pedagogisk utdanning». Utgangspunktet er at god praksisrettleiing er sentralt for å utvikle lærarstudentar si profesjonelle utvikling. I artikkelen vert det undersøkt korleis praksisgjennomføring med bruk av video, støtta av eit teoretisk rammeverk for analyse av undervisningsinteraksjonar, kan fremje felles rettleiing og utvikle kvaliteten på praksis. Datamaterialet er kvalitative individuelle intervju med 7 lærarstudentar. I artikkelen vert det identifisert nokre viktige dimensjonar av studentane sine rapporterte læringsutbytte ved bruk av rettleiingsmodellen som vart nytta i prosjektet. Dette var mellom anna auka bevisstgjerjing på eigen praksis, auka profesjonell sjølvtilitt, auka kunnskap om undervisningsplanlegging og evne til å analysere og forstå komplekse undervisningsinteraksjonar betre.

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

[Rådgivar ved Driftsavdelinga \(innkjøp\)](#) - søknadsfrist 15.2.2023

[Professor / dosent / førsteamanuensis / førstelektor / høgskulelektor i samfunnsvitenskap](#) - søknadsfrist 10.3.2023

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege og sosiale arrangement og hendingar på og ved HVO:

Våren 2023:

- 3.2.2023: [Disputas Ingeborg Berg Skogen](#), Høgskulen i Volda
- 8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)
- 10.-25.2.2023: [Studentveka 2023](#), Rokken
- 10.2.2023: Premiere, studentrevyen 2023
- 14.2.2023: [Student-Loppis](#), BK Kantina
- 22.2.2023: [Seminar om opplæring i norsk for internasjonale tilsette](#), BK Vesle aud
- 9.3.2023: [Høgskulestyret](#)
- 16.-17.3.2023: ASH Avdelingsseminar
- 23.-24.3.2023: [Skuleleiarkonferansen](#), Molde
- 29.3.2023: Konsert med høgskulekoret
- 30.4.2023: [Næringskonferansen for Søre Sunnmøre](#), Ørsta
- 20.-23.4.2023: [X2-festivalen](#)
- 11.-12.4.2023: AKF Avdelingsseminar
- 3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)
- 25.-26.5.2023: [NOA - Nasjonal konferanse om norsk som andrespråk](#), HVO
- 31.5.-1.6.2023: AMF Avdelingsseminar
- 15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)
- 20.-21.6.2022: [Fjordkonferansen](#), Loen

Hausten 2023:

- 1.8.2023: Ny fireårsperiode for styre, rektorat og 3 dekanar
- 15.8.2023: [Studiestart studieåret 2023-2024](#)
- [Sunnmøre Kammermusikkfestival](#)
- 7.9.2023: [Høgskulestyret](#)
- [Animation Volda](#)
- 26.-27.10.2023: [Høgskulestyret \(seminar og styremøte\)](#)
- 7.12.2023: [Høgskulestyret](#)

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-bloggar](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Offentleg journal \(postliste\)](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)